



Dåpsborna Astrid Sofie Døssland, Leif Edvin Kjærland Kaldestad, Maia Mehl, Samson Kroka Raudstein, Ada Albrethson Yri med dei som bar og presten Lina Håland.

Fem born vart døypte i kyrkja i dag, på den dagen som vert kalla Dåpens søndag. Mest ei fulsett kyrkje fekk oppleva ei gudsteneste der borna var i sentrum og dagens tekst, henta frå Matteus kap 3, handlar om døyparen Johannes. Fem born fekk namn og alle fekk med seg songen: Må Gud velsigna deg, solosong av presten Lina Håland.

Kantor Eva Megyesi spelte til inngang Grand Coeur som tyder Det store hjarta, av Theodore Dubris. Til utgang fekk kyrkjelyden høyra Louis Wely, spansk dans.

I talen la presten vekt på den store gåva menneske vert tildelt i dåpen. Vatnet er kjelde til liv og kraft. Orden som vert sagt, er eit løfte om å få leva med Gud. Dåpen er ankerpunktet i livet. Ein gong døypte, alltid døypt, seier Luther. Lina Håland minna foreldra og fadrane om den store oppgåva ein tek på seg ved å forvalta dåpenes gåve.

Ein av salamane i dag var Kari Bremnes sin tekst ***Her er det et lite barn som kommer, ny i denne verden, mjuk og varm.***

Dåpssalmen er ny, skriven i ei språkdrakt alle skjønar om lyset, nåden og håpet for eit lite barn som ved dåpen vert medlem i kyrkja.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Festkledd barn, foreldre, besteforeldre, oldeforeldre og fadrear fylte kyrkja i dag.